



KVÆRNER AS LOKASJON STORD VERFT
Postboks 2000
5409 Stord

Sakshandsamar:
Britt Solheim

Rapport frå inspeksjon ved Kværner AS Lokasjon Stord Verft

Kontrollnummer: 2021.418.I.SFVL (Eldøyane) og 2021.068.I.SFVL (Kjøtteinståa)

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Hallgeir Tofte
Torill Hella Lygren
Egil Taipale
Magne Førland

Frå Statsforvaltaren i Vestland:
Kaja Baukhol Olsen
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon gjennomført via Teams med avløpsreinseanlegga Aker Stord I, Eldøyane og Aker Stord II, Kjøtteinståa den 19. august 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen. Statsforvaltaren ser alvorleg på avvik 1 som er avdekkja fordi akkreditert prøvetaking ikkje kan gjennomførast ved avløpsreinseanlegga. Avviket blei også avdekkja ved tilsyn ved verksemda den 3. mars 2015.

Avvik:

- Verksemda oppfyller ikkje alle krav i utsleppsløyvet eller i forureiningsforskrifta
- Reinsekrava er ikkje oppnådde for utslepp i 2020
- Risikovurderinga for avløpsanlegga har manglar

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til: Stord kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: KVÆRNER AS LOKASJON STORD VERFT	
Organisasjonsnr.: 974141566	Eigd av: 916297807
Bransjenr. (NACE-kode): 30.113 - Bygging av oljeplattformer og moduler	

Kontrollerte einingar

Namn: Aker Stord II, Kjøtteinståa	Anleggsnr.: 4614.0026.01
Kommune: Stord	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Privat avløpsanlegg	
Løyve gitt: 15. oktober 2009	Sist endra: 29. november 2018

Namn: Aker Stord I, Eldøyane	Anleggsnr.: 4614.0058.01
Kommune: Stord	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Privat avløpsanlegg	
Løyve gitt: 8. april 1999	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Statsforvaltaren i Vestland sin aksjon for private avløpsanlegg i 2021 i store tettbygde område.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Prøvetaking
- Prosess og reinseutstyr
- Reinsekrav
- Krav i utsløpsløyve
- Årsrapportering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Kværner AS Lokasjon Stord Verft pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. Vi ser alvorleg på avvik 1 som vart avdekt ved inspeksjonen. Avviket blei også avdekt ved vårt tilsyn med avløpsanlegga 3. mars 2015.

Vi ber om at verksemda innan 1. februar 2022 sender ei skriftleg utgreiing, som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde for å rette avvika.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

4. Pålegg om opplysningar

Kværner AS Lokasjon Stord Verft må sende følgjande opplysningar til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. februar 2022:

- Utgreiing om tiltak som skal gjennomførast for at verksemda skal stette krav i forureiningsforskrifta § 11 og § 14, og framdriftsplan med fristar for dette arbeidet for begge anlegga
- Framdriftsplan og fristar for kor tid anlegga skal vere ombygde for å kunne gjennomføre akkreditert prøvetaking. Tilbakemeldinga må omfatte kva for akkreditert selskap som skal nyttast for prøvetakinga
- Framdriftsplan og fristar for tilknytning til kommunalt avløpsnett om det er aktuelt

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

Klagerett

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast 3 dagar etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

5. Varsel om vedtak om tvangsmulkt

Statsforvaltaren varslar at vi vil gjere vedtak om tvangsmulkt (jf. forureiningslova § 73) for å sikre at dei pålagde opplysningane er mottekne innan 1. februar 2022. Tvangsmulkt vil kome til dersom vi ikkje har motteke opplysningane innan tre veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart gjort. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere eit eingongsbeløp på 50 000 kroner.

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan to veker etter at denne rapporten er motteken.

6. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 30. juni 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Kværner AS Lokasjon Stord Verft betale eit gebyr på 20 300 kroner for kvart anlegg for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

7. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og på nettstaden www.norskeutslipp.no.

8. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda er i brot med krav om akkreditert prøvetaking

Avvik frå:

- Forureiningsforskrifta § 14-8, § 14-9, § 14-10, § 14-11, § 14-12 og § 14-13
- Utsleppsløyvet av 15. oktober 2010 med endringar 29. november 2018, punkt 2.5

Kommentarar:

Etter forureiningsforskrifta § 14-17 er løyve gitt før 2007 framleis gjeldande, dersom krav i forskrifta til avløpsnett, utforming og drift av anlegg, prøvetaking, analyse, vurdering av analyseresultat og varsling om avvik frå reinsekrav, erstattar gamle løyve som har krav om lempelegare reinsing. Reglane i § 14-8 om utslepp til mindre følsamt område, erstattar reinsekrav i løyve frå 31. desember 2008.

Begge dei to avløpsreinseanlegga har krav om akkreditert prøvetaking, jf. forureiningsforskrifta § 14-11 om prøvetaking og krav i utsleppsløyvet av 15. oktober 2010. For å kunne gjennomføre akkreditert prøvetaking må avløpsanlegga vere utforma i tråd med forureiningsforskrifta § 14-10. Utforming og drift av reinseanlegg.

Avviket er basert på følgjande:

Akkreditert prøvetaking er ikkje starta opp ved dei to avløpsanlegga, og det er ikkje gitt dispensasjon frå kravet. Aker Stord II, Kjøtteinståa har krav i utsleppsløyvet om at prøvetakinga skal vere akkreditert. Verksemda har inngått avtale med Klaro rensseanlegg Norge AS den 27. september 2019 om prøvetaking av BOF₅, KOF_{Cr} og Tot-P for anlegget, men prøvetakinga er ikkje akkreditert.

For Aker Stord I, Eldøyane er det krav i forureiningsforskrifta § 14-17 som gjelder. Avviket blei også gitt ved vårt tilsyn med avløpsanlegga 3. mars 2015.

Kværner AS lokasjon Stord har tidlegare vore i kontakt med driftsassistansen DIHVA, no Vann Vest AS, i tillegg til driftsassistansen Labora i Bodø, for å inngå avtale om akkreditert prøvetaking. Avtale var ikkje inngått ved tilsynet. Sjå også punkt 4 om pålegg om opplysningar.

Avvik 2

Reinsekrava er ikkje oppnådde for utslepp i 2020

Avvik frå:

- Utsleppsløyve av 15. oktober 2010 for Aker Stord II, Kjøtteinståa
- Forureiningsforskrifta § 14-17
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7

Kommentarar:

Forureiningsforskrifta kapittel 14 gjelder utslepp av kommunalt avløpsvatn frå tettstadar med samla utslepp større enn 10 000 pe til sjø. Definisjon på kommunalt avløpsvatn står under forureiningsforskrifta § 11-3. Definisjonar.

Forureiningsforskrifta § 14-17 omhandlar forhold til eksisterande utslepp. Løyve gitt i medhald av forureiningslova før 1. januar 2007 gjeld framleis med endringar. Sjå kommentarar til avvik 1.

Utslepp av avløpsvatn omfatta av forureiningsforskrifta § 14-8 (utslepp til mindre følsamt område) skal som hovudregel gjennomgå sekundærreinsing. Ved gitte føresetnader kan Statsforvaltaren fastsetje mindre omfattande reinsing enn sekundærreinsing, jf. § 14-8 tredje ledd.

Stord kommune fekk løyve til primærreinsing for utslepp av kommunalt avløpsvatn i Stord tettstad den 29. februar 2016. Det vil seie at alle utslepp over 50 pe i det tettbygde området, og dermed også utslepp frå Aker Stord I, Eldøyane, må oppnå minst primærreinsing, jf. § 14-2. Aker Stord II Kjøtteinståa har krav i løyvet om å oppnå sekundærreinsing.

Primærreinsing er ei reinseprosess der både:

1. BOF₅ -mengda i avløpsvatnet blir redusert med minst 20 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 40 mg O₂/l ved utslepp og
2. SS-mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 50 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 60 mg/l ved utslepp

Sekundærreinsing er ei reinseprosess der både:

1. BOF₅ -mengda i avløpsvatnet blir redusert med minst 70 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 25 mg O₂/l ved utslepp og
2. KOF_{Cr}-mengda i avløpsvatnet skal reduserast med minst 75 % av det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstig 125 mg O₂/l ved utslepp

Avviket bygger på følgjande:

For Aker Stord I, Eldøyane gjeld krava i forureiningsforskrifta § 14-8, som omhandlar utslepp til mindre følsamt område, frå 31. desember 2008. Krava i § 14-17 gjeld for eksisterande anlegg med endringar. Verksemda kan ikkje dokumentere at primærreinsing er oppnådde. Verksemda var ikkje kjent med kravet i forskrifta om at prøvetaking også skal gjennomførast for avløpsanlegg etablert før 2007.

Ved tilsynet blei det opplyst at det ikkje blir teke prøver av utslepp frå Aker Stord I Eldøyane. Slamavskiljaren er ikkje utstyrt med prøvetakingsutstyr for prøvetaking, jf. forskrifta § 14-10.

Avløpsreinseanlegget Aker Stord II, Kjøtteinståa er eit minireinseanlegg med krav om sekundærreinsing. Verksemdas eigenkontrollrapportering for 2020 viser at det berre er tatt 4 prøver for KOF_{Cr}, 5 prøver for BOF₅ og Tot-P i staden for seks prøver som er krav i løyvet.

Verksemda har ikkje gjort ein fortløpande vurdering av om reinsekrava blir overhaldne. Overløp ved reinseanlegga blir ikkje teke med i berekningar av reinseffekt og utsleppsmengder frå avløpsreinseanlegget, jf. § 14-11 og krav i utsleppsløyve for Aker Stord II Kjøtteinståa, punkt 2.6.

For å kunne stette krava i forureiningsforskrifta, må reinseanlegg større enn 50 pe oppgraderast, slik at krav i forskrifta kan nåast og verksemda må:

- overvake resipientane som har utslepp av avløpsvatn, jf. § 14-9
- byggje om anlegga for representativ og akkreditert prøvetaking av tilført og reinsa avløpsvatn, jf. § 14-10
- måle mengde avløpsvatn jf. § 14-11
- ta seks prøver for BOF₅, KOF_{Cr} eller SS og Tot-P ved akkreditert prøvetaking per avløpsanlegg mellom 50 pe til 1000 pe, jf. § 14-11
- analysere prøvar for BOF₅, KOF_{Cr} eller SS og Tot-P, jf. § 14-12
- vurdere prøveresultata for å sjå om reinsekrava blir oppnådde, jf. § 14-13.

Verksemda må sende Statsforvaltaren opplysningar innan 1. februar 2022 om korleis dette vil bli retta opp. Sjå pålegget i punkt 4.

Avvik 3

Internkontrollen for avløpsanlegga har manglar

Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7
- Utsleppsløyve av 15. oktober 2010 punkt 4.5
- Utsleppsløyve av 8. april 1999 punkt 4

Kommentarar:

Punkt 6. Risikovurdering:

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko og utarbeide tilhøyrande planar og gjennomføre tiltak for å redusere risikotilhøva.

Punkt 7. Rutinar:

Verksemda skal iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevningen. Verksemda skal ha skriftlege rutinar som viser at verksemda etterlever krav i løyve og lovverket.

Relevante rutinar kan vere rutinar for korleis vedlikehald skal gjennomførast, drift av reinseanlegga, handtering av avfall og avviksbehandling. Lista er ikkje uttømande.

Avviket bygger på følgjande:

Reinsekrava for avløpsanlegga er ikkje oppnådde, og det er ikkje registrert som avvik i verksemdas internkontroll, jf. internkontrollforskrifta punkt 7. Dette er heller ikkje teke med i risikovurderinga til verksemda jf. internkontrollforskrifta punkt 6. Risikovurderinga for ytre miljø for avløpsanlegga var sist oppdatert i 2015. Rutine for korleis ein skal gå fram ved driftsstans i anlegga mangla ved tilsynet. Det gjorde også rutine for tømning av slamavskiljar, vedlikehald og drift av anlegga.

9. Merknader

Vi gav ikkje merknader under inspeksjonen

10. Andre tilhøve

Stord kommune har løyve til primærreinsing for utslepp større enn 50 pe i det tettbygde området Stord tettstad. Kommunen er i ferd med å bygge nye primærreinsanlegg med ekstra areal for eventuell oppgradering av anlegga til sekundærreinsing, dersom det skulle bli trong for det.

Plan og bygningslova § 27- 2. Avløp, har krav om at når offentleg avløpsleidning går over eigdommen eller i veg som støyter til han, eller over nærliggjande areal, skal bygning som ligg på eigdommen, knytast til avløpsleidninga. Dersom dette etter kommunen sitt skjønn vil gje uforholdsmessig store kostnader, eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenne ei anna ordning. Kommunen kan i andre tilfelle enn nemnt i andre ledd, krevje at bygning skal knytast til avløpsleidning når særlege omsyn tilseier det.

Reglene i andre og tredje ledd gjelder også for eksisterende byggverk.

Kværner AS Lokasjon Stord har to avløpsreinsanlegg på sitt område. På tilsynet kom det fram at verksemda har tatt avgjerd om å knytte seg til det kommunale avløpsnett. Dersom dette likevel ikkje blir aktuelt, må Statsforvaltaren endre verksemda sitt utsleppsløyve for anlegget Aker Stord I, Eldøyane i tråd med krava gitt i forureiningsforskrifta kapittel 14. Vi viser til punkt 4 med pålegg om opplysningar.

11. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)

12. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)